# Årsmøte
# IL Høyang

## 10. mai kl. 18.00 digitalt på Teams

***Påmelding på: www.ilhoyang.no.***
***Du vil då motta ein link til møtet.***

**Sakliste:**

**Sak 1:** Godkjenne dei som har røysterett
**Sak 2:** Velje dirigent
**Sak 3:** Velje protokollførar
**Sak 4:** Velje to medlemmar til å skrive under protokollen
**Sak 5:** Godkjenne innkallinga
**Sak 6:** Godkjenne saklista
**Sak 7:** Handsame idrettslaget si årsmelding, medrekna eventuelle gruppeårsmeldingar
**Sak 8:** Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand
**Sak 9:** Oppretting av biljardgruppe
**Sak 10:** Fastsetje medlemskontingent for 2022
**Sak 11:** Vedta idrettslaget sitt budsjett
**Sak 12:** Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan
**Sak 13:** Gjere følgjande val:

**13.1** Styre:
- nesteleiar
- styremedlemmar
- varamedlemmar

**13.2** Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantane

**13.3** Valkomité:
- leiar
- medlemmar
- varamedlem

**13.4** Øvrige val i samsvar med idrettslaget sin organisasjonsplan

Ved spørsmål om årsmøtet, kan Idrettslaget Høyang kontaktast på e-post: *helge.oyehaug@hoyanger.kommune.no*

*-styret-*

# Sak 1

## Godkjenne dei som har røysterett

# Sak 2

## Velje dirigent

# Sak 3

## Velje protokollførar

# Sak 4

## Velje to medlemmar til å signere protokoll

# Sak 5

## Godkjenne innkalling

# Sak 6

## Godkjenne sakliste

# Sak 7

## Handsame idrettslaget sine årsmeldingar

# Årsmelding

# 2020

# Idrettslaget Høyang











Idrettslaget Høyang
Postboks 244, 6991 HØYANGER

# ÅRSMELDING IDRETTSLAGET HØYANG 2020
## HOVUDSTYRET

**Styret si samansetning:**

| | |
|---|---|
| Leiar: | Helge Øyehaug |
| Nestleiar/kasserar: | Vidar Skår |
| Skrivar: | Hilde Johanne Bjørkhaug |
| Marknad/sponsor: | Svein Olav Aardal |
| Varamedlem: | Jon-Arne Ytredal |
| Valgkomité: | Petter Sortland, Britt Stølen og Ingrid Sviggum Håre |
| Revisorer: | Marianne Taule, Svein Arne Høyheim og Leif Magnar Bach |

**Gruppeleiarar:**

| | |
|---|---|
| Fotballgruppa | Tore Ytredal |
| Klatregruppa | Robert Breidvik |
| Innebandygruppa | Marius Lillehauge |
| Friidrettsgruppa | Anne Sissel Nordeide |
| Karategruppa | Heidi Kleiven |
| Turngruppa | Elisabeth Sæbø |
| Handballgruppa | Vidar Fredriksen |
| Allidrett | Lindis Hilde |
| Falkenhytta | Olav Nordgulen |
| Biljard (på prøve) | Tord Are Stølen |

1. **Møter**
   12 møter i AU
   6 styremøter
   1 årsmøte


sparebanken sogn og fjordane
Sport'n Høyanger
Hydro
Statkraft
lederne Vi bygger gode ledere avd. 49 Høyanger

2. **Saker styret har jobba med i 2020**

- Treningstider
- Oppgradering av sentralidrettsanlegget.
- Sponsorkontrakter
- Websida
- Oppstart klatregruppa
- Etablering av biljardgruppe
- Covid-19
- Klubblokale
- Økonomi

3. **Styret sin kommentar**

- Treningstider.
I år hadde vi utfordring med å få treningstidene til å gå opp. Det gjekk til slutt, men her har vi rom for forbetring. Idrettslaget melder vidare til Idrettsrådet i kommunen at vi ynskjer at dei utarbeider ei prioriteringsliste for Høyangerhallen som vi har å støtte oss til. Det er og ein kultur i Høyanger for at alle ynskjer trene måndag-torsdag 17-20. Vi har ein idrettshall som er open frå 16.00-22.00 kvar vekedag. Vi må få til ei haldningsendring blant trenarar, utøvarar og føresette der ein må godta om treningstidene ikkje alltid vert som ein håpar på og som er mest gunstig for ein sjølv. Vi er eit breiddeidrettslag der alle idrettar er like viktige. Fotballen har ikkje prioritering inne, og krever ikkje det heller. Dei får tider ingen ynskjer å nytte.

- Sponsorkontrakter
Det var trekning på eit par arrangement i dei ulike gruppene utover året, men grunna covid-19 var det mest sentrale trekningar. Det var 15 trekningar.
Kontraktane vart selde digitalt og det vert dei også i 2021.

- Medlemsfest
Idrettslaget hadde bestemt dato for Idrettsfest og påmelding vart lagt ut då pandemien kom og Norge stengte ned. Musikk og lokale var på plass. Vi ser fram til å ta opp att denne tråden.

-Websida.
Nettsida er oppe og går, bruk denne. Jon Arne Ytredal har lagt ned eit stort arbeid slik at denne er svært brukarvennlig. Mellom anna kan ein her reservere ein av bussane til turar. Viktig at gruppene brukar denne slik at vi får ei levande side.

- Nytt anlegg til klatregruppa
Klatregruppa har jobba svært aktivt for å få utvida lokala sine. Det føreligg planer om utviding av arealet i samband med omlokalisering av brannstasjonen i same området. Hovudstyret har hatt nokre møter med dei og hjelpt til med det ein har kunna.

-Etablering av biljardgruppe
Hausten 20 har vi oppretta ei biljardgruppe som held til i ungdomsklubben. Vi tek sikte på og godkjenne dei som fullverdig gruppe på førstkommande årsmøte.

-Covid-19.
Grunna pandemien har det vore ein god del redusert aktivitet og utfordringar for idrettslaget i 2020. Vi har ikkje fått gjennomført møter som ynskjeleg.

-Klubblokale.
Kommunen har planar om ein 2. etasje over skytebana i hallen. Her har vi fått førespurnad om vi er interessert i eit klubblokale. Det har vi svara positivt på.
Idrettslaget gjer det vi kan for å legge press på kommunen for å få dei til å sjå kor sårt behov det er for oppgradering av sentralidrettsanlegget.
Vi er i dialog med kommunen fortløpande.

-Økonomi
Økonomien er bra og vi held oss innafor budsjettet. Det har vore ein auke i sponsorinntektene.
Her har Vidar Skår og Svein Olav Aardal gjort ein kjempegod jobb
Vi er 9 grupper med til samen 920 medlemmer i laget.
Hovudfokuset er breiddeidrett der det skal vere rom for alle.

Hovudstyret til Idrettslaget Høyang ynskjer å takke alle medlemmar, sponsorar og samarbeidspartnarar.

Høyanger 10.februar 2021

For AU
Helge Øyehaug
Leiar

# IL HØYANG Allidrettgruppa
# Årsmelding 2020

1. **Organisering**

Styret i allidrettsgruppa har vore samansett slik:

Lindis Hilde - Leiar

Malin Nyland Tonning - Nestleiar

Vidar Skår - kasserar

Katrine Nyland Tonning - styremedlem (material ansvarleg)

Tormod Rye - styremedlem (dugnads ansvarleg og refferent)

Anders Moritsgård - styremedlem (ansvarleg for barnehage gruppa)

Tina Bruaas- Styremedlem (Minifotball ansvarleg)

Marie Fredriksen Grønvold- Styremedlem (Minihandball)

Styret har hatt 6 møter; 5 ordinære styremøte og eit årsmøte.

Idrettane i allidrettgruppa har vore presenterte i årsplanen og i eit årshjul.

Allidrettsgruppa har kommunisert til medlemmane i hovudsak gjennom ei Facebook-gruppe. Dette ser stort sett ut til å ha fungert bra. Når det gjeld informasjon om års hjulet, som vi la inn i årsplanen og trykte ut i papirversjon, ser vi at dette har kome tydeleg nok ut til medlemmane.

2. **Økonomi**

Allidretts gruppa er sjølvfinansiert.

- Barneidrettsskulen hadde et underskot på kr. 23.200,- i 2020.

- Underskotet skuldas i hovudsak kjøp/opp gradering av utstyr til bruk på turnering og trening

- Barnehagebarna betaler ikkje treningskontingent. Det blir tatt en trenings kontingent på kr. 150 for barn 1 til 4 klasse, de som deltar på minihåndball og minifotball.

# IL HØYANG Allidrettgruppa
# Årsmelding 2020

## 3. Aktivitetar

<u>Trening for barnehageborn</u> i heil hall, fredag kl 1730-1830. Har ikkje vore mulig og gjennomføre denna sesongen pga. Covid-19. Det er for mange forskjellige kohortar å forholde seg til, med tanke på smitte og for mange overflater å desinfisere etter treningen. Men vi har laga eit tilbud for dei eldste borna (Stjernegruppene) i Hjetland og Olderdalen, der dei har fått trene forskjellige balleiker måndagar (sal 3) 1730-1830. Der har dei rullert på anna kvar måndag.

<u>Trening for 1.-4.klasse</u> har vore gjennomført i tre ulike salar, på måndagar kl.1600-1800. I år har vi gått litt tilbake til kva allidrett for born står for, og har hatt fokus på forskjellige balleiker. Vi har rullert på Handball, inne bandy, fotball (ute) og andre balleiker som kanonball, stikkball, hjørnefotball ol. Dette ser vi har vore veldig populært med andre sortar balleiker for borna. Dette vil vi prøve å utvide til neste sesong. Dei ulike gruppene i årshjulet har sjølve bestemt korleis dei har ønskt å organisere barna i grupper og tidsfordeling. Vi ser at organisert idrett for denne barnegruppa har fungert godt innafor tidsramma 45 minutt.

Idrettane som har vore presenterte i årshjulet er handball, turn, innebandy og fotball. I starten av idrettsåret 2020 vart alle undergruppene i idrettslaget inviterte til å vere med i årshjulet for å presentere sin idrett for barn i idrettskulen.

<u>Utandørs miniputt-trening</u> for 1.-4.kl har vi hatt frå 1.mai -1.oktober 2020. Foreldre har teke på seg trenaransvar så godt det har latt seg gjøre med tanke på alle retningslinjene for smitte, med trening ein gong per veke. Det har vore lite aktivitet pga. Covid-19. Men nokre årskull har fått gjennomført trening som vanlig.

<u>Miniputt-turnering fotball</u> har vi ikkje arrangert i år pga. Covid-19.

<u>Handballturnering</u> har ikkje vert arrangert så mange pga. Covid-19. Var ein turnering 18.januar i Dale.

<u>Den årlege nissefesten</u> Avlyst i år pga. Covid-19.

## 4. Medlemmar

Lite aktivitet i enkelte grupper pga. Covid-19.

- Det er rapportert 140 medlemmer, 76 gutar og 64 jenter, i allidrettsgruppa som er fordelt seg slik:
- Barnehagebarn 3-5 år: 30 barn
- Minihandball 66 stk. for sesongen 2019/ 20
- Minifotball lav registrering/liten aktivitet pga. Covid-19 sesongen 2020.

# IL HØYANG Allidrettgruppa
# Årsmelding 2020

For styret

Lindis Hilde

Høyanger 17.02.20

Lindis Hilde,
Leiar

Malin Nyland Tonning,
Nestleiar

Vidar Skår,
Kasserer

Katrine Nyland Tonning,
Material ansvarleg

Tormod Rye,
Dugnads ansvarleg/refferent

Anders Moritsgård,
Barnehage gruppa

Tina Bruaas,
Miniputtfotball

Marie Fredriksen Grønvold,
Minihandball

# ÅRSMELDING FALKENHYTTA 2020



Hyttestyret IL Høyang: Olav Nordgulen, leiar
Lars Jonas Pedersen
Anders Ulvestad

I styret for Falkenhytta sitter Jan K. Milde og Kai Helge Kjønås frå Høyanger Røde Kors Hjelpekorps + Olav Nordgulen og Lars Jonas Pedersen frå IL Høyang.

**Drift/økonomi**

Rekneskapet for 2020 viser eit underskot på kr. 13.436,83. Dette skyldast hovudsakleg at vi ikkje hadde leigeinntekter i 2020 pga koronaen (vi hadde kr. 23.281 i leigeinntekter i 2019). Den viktigaste grunnen til den solide økonomien er dugnadsinntektene frå fyrverkerisalget i romjula. Dei 3 siste åra er alle inntektene frå fyrverkerisalet gått inn på Falkenhytta sin konto, sjølv om både Siplo og hjelpekorpset har bidratt med 2/3-deler av dugnaden.

Det er ikkje foretatt noko større vedlikehold på hytta i 2020, men vi måtte skifte ut varmepumpa. Det er no 26 sidan hytta vart rehabilitert, så vi er begynt å merke slitasjen på dei mest værutsette vindua. Så i løpet av dei neste par åra vil vi derfor måtte pårekne større kostnader til å skifte fleire av vindua i hytta. Det er også behov for fornying av ein del møblement. Det er derfor sett av kr. 100.000 til utvendig vedlikehald på neste års budsjett.

Vil til slutt oppfordre medlemmane om å bruke Falkenhytta enda meir. Hytta har 6 soverom/22 sengeplassar (ein treng berre å ta med laken/dynetrekk). Standarden er fortsatt bra, med m.a. eit bra kjøkken og 3 bad. Varmepumpa har gitt oss ei varm og komfortabel hytte. Falkenhytta er det ideelle utgangspunktet for både skiturar og fotturar. Hytta ligg dessutan midt i Siplo Skisenter, og likar ein ikkje å stå på ski så kan ein ta med akebrett. Prisen for leige til medlemmer er kr. 750,- pr. døgn (kr. 1.000 dersom meir enn 10 personar).

Høyanger den 15.02.2021

Olav Nordgulen
Leiar

Lars Jonas Pedersen
styremedlem

Anders Ulvestad
styremedlem

# Styret i IL Høyang Fotball sitt arbeid i 2020

Dette er styret i fotballgruppa 2020

Vi har vore 6 valde medlemmer

Tore Ytredal, leiar

Trude Østerbø, Styremedlem ,Fair play ansvarleg , kontaktperson alderbestemt

Svein Ove Råsberg, Styremedlem ,arrangementsansvarleg

Linn jeanette Dønnem Selnes ,Styremedlem ,Fiks ansvarleg

Guro Sagen Knudsen,Styremedlem

Idar Henning Måren,Styremedlem,Marialforvalter

Andre oppgåver:

Marianne Taule :Facebook redaktør

Geir Helge Alrek Dommerkontakt

I tillegg har vi hatt:

Vi har gjennomført 6 styremøter i løpe av rekneskapesåret

I tillegg har leiar og Sven Ove vært på forbundstinget i oslo




Vi har deltatt på møte/samlingar med hoved styret,trenerforum,opmannsmøter og dommermøter.

Etter sesongen hadde vi oppsumeringsmøte med seniortrenerane /alderbestemt.

PS:

Sesongen 2020 har vært heilt spesiel pga covid 19

All fotball for dei over 20 år blei stopp

Alderbestemt blei gjennomført fra august/september

Dommarane

Ein stor takk til alle som hjelpte  til på alderbestemte kamper




Fotballstyret arrangeret fotballskule i juni mnd

Det var 64 påmelde alderen 2008-2012

Ein stor takk til Nesseplast som fekk sogndalspillere til fotballskulen



Ein stor takk til alle som hjalp til

Ein stor takk til sponsorer.

*Nesseplast*

*Per A Oren*

*Sport`n/Høyanger*

Sportslege prestasjonar 2020

Vi har hat alderbestemt fotball i gang i år og ingen seniorfotball for dame/herre

U 20 :Det var ein god ide av kretsen å sette det i gang,gutta våres gjorde kjempe innsatts der

Gutt 15/17: kjemp sesong med kretsfinale  mot sogndal,der bei det tap.

Vi i IL Høyang er meget stolt over det dere gjorde

Marius varden Fossen:Du har vært ein kjempe resurs



A-laget IL HØYANG – KORONASESONGEN 2020

Hovudtrenar: Miguel Maureira

Hjelpetrenarar: Maurizio Hernandez og Jarl Ulvestad

Lagledere/oppmenn: Einar Gill,Frode Fossen, Rune Breidvik

Sesongen starta som planlagt rett etter nyttår med 4 treningar i veka. Treningsframmøtet var bra frå første stund med + 20 på alle treningane. Det var eit lite skudd for baugen når det blei klart at Jakob Bergseth melde overgang til Årdal, men vi var innstilt på at andre spelarar måtte steppe opp og ta ansvar. No blei det aldri slik...

Vi fekk spelt tre treningskampar før det heile braut laust. Det blei seier mot Vik 2-1 og tap mot Dale (2-4 i Vadheim) og 1-6 mot Studentspretten (på ein parodi av ei bane).

I midten av mars var koronaen over oss. Det blei ei periode med stans av organisert trening, før vi fekk lov til å trene igjen, men no med strenge reglar hengande over oss; avstand, spriting av hender og ballar. Alt i alt gjekk det overraskande bra. Vi var kreative og fann på mange øvelsar som vi kunne gjennomføre innanfor gjeldande treningsregime. Spelarane følgde opp med svært godt frammøte og god innsats.

I juni, juli og august var Siri Nesheim med på treningane. Ho var med som fysisk trenar og var eit positivt tilskot til treningskorpset i denne perioden.

Etter ei lita pause i juli, var vi i gang igjen med treningane. Vi hadde eit lite håp om å få spele kampar, men etter kvart blei det klart at det kunne vi gløyme. Både trenarar og spelarar haldt likevel koken gåande heilt til midten av oktober. Det hjelpte sikkert at dei under 20 fekk spele kampar i U-20 serien, men «dei eldre» spelarane stilte også lojalt opp til siste slutt.

Siste trening var 15.oktober.



Hovedtrener :Miguel

**IL Høyang U20, sesongen 2020:**

Ettersom det aldri ble noe av seniorsesongen, ble det opprettet en egen U20-serie for de eldste av dem som fikk lov å spille. Dette laget besto av kullene 01,02, 03 og 04. I tillegg fikk Jaran Solaas som er 05-modell sjansen i 2-0 seieren mot Dale, som vitner om mye bra potensial blant spillerne når en 15-åring møter 19-åringer. For øvrig var vårt lag blant de yngste i serien, sammen med Vik. Allikevel skule det vise seg at dette laget ikke kom til å la seg pelle på nesen av noen.

Etter at U20-serien ble et faktum, ble det dannet en treningsgruppe bestående av guttespillere og U20.spillere. I starten trente vi to ganger i uken, men når A-laget kastet inn håndkleet for sesongen økte antallet til tre. På treningene var vi velsignet med et stabilt høyt antall med spillere som varierte som regel mellom 16 til 19.

Første kampen brakte løst mot Balestrand i Vadheim etter mye om att og frem fordi begge banene i Høyanger var oversvømt. Kampen var relativt rotete fra vår side der vi lå under til pause, men vant til slutt 5-4. I kamp nummer to mot Dale endrer vi system, og etter å ha ligget under 1-0, snur vi kampen på kort tid like før pause, vi avgjør kampen på en straffe i andre omgang og vinner 1-3, uten å sleppe til noe i andre enden etter pause. Dette systemet skulle vise seg å være en suksessformel, og i tredje kamp ar det duket for toppoppgjør mellom de to lagene med full pott, Høyang og Førde på Sletta. Første omgang går rolig for seg hvor vi forsvarer oss ekstremt godt og frustrer Sunnfjordingene. Midtveis i andre omgang tar vi ledelsen. Vi forsvarer oss godt gjennom 90 minutter før personlige feil gir Førde muligheten til å utligne, og på stillingen 1-1, opplever vi en kollektiv svikt hvor det til slutt ender 1-3.

Den største prestasjonen kom derimot på Fosshaugane Campus hvor vi etter å ha vært totalt underlegne i banespillet og ligget under 2-0 til pause, så står vi opp igjen fra de døde takket være en enorm enkelt prestasjon av Nikolas (som reduserte direkte fra avspark) med to mål og et oppofrende lag. Det hele ender med 2-2 og poengdeling, hvor vi faktisk var svært nærme og stjele alle tre poengene på slutten. Til ettertanke er dette første gang i klubbens historie at et Høyang-lag stjeler poeng fra Sogndølene på dette nivået, så vidt meg bekjent. I tillegg dersom vi hadde klart å fullført kampen skikkelig mot Førde og endt opp med alle tre poengene, ville vi nok ha endt opp med å vinne gruppen foran Førde, noe som ville vært sensasjonelt!

Mot Vik i siste runde spilte vi igjen en rotete kamp som mot Balestrand hvor vi til tross for at vi er dårlige bakover, så viser vi klasse fremover med 4 fantastiske mål. I det vi ligger under

3-4 på overtid, skaffer nysigneringen fra Hyllestad, Gaute Bråstad straffe. Og som mot Dale, så er det den kalde fisken, Jonathan som skal skyte fra 11-meteren og sikret dermed et poeng og tredjeplass sammenlagt like bak forhåndsfavorittene Førde og Sogndal 1.

Det ble bestemt at det skulle komme en oppfølgerserie for U20-klassen. Der vi selv tok avgjørelsen om å havne i avdeling to. Denne serien ble svært amputert på grunn av enkelte utbrudd blant annet i Vik og på Havyard. Derfor ble det bare to kamper, en fantastisk dominerende 2-0 eier på hjemmebane mot Dale, en kamp mot Sogndal 2 som minnet mye om kampen mot Førde hvor vi tapte 3-4 på slutten. Sesongen endte med en vanvittig sterk opphenting til 3-3 fra 3-0 til pause bort mot Eid, der undertegnede faktisk måtte inn å ordne opp…

Sesongen endte med tre seiere, tre uavgjorte, og to tap. Vi lagde 24 mål og fikk 23 baklengs. Men det vi tar med oss, er det faktum at vi bare tapte to kamper i kamper vi faktisk hadde henholdsvis tre og et poeng til klokken bikket 90 minutter. Til tross for alle de gode lagene vi møtte tar vi med oss at vi aldri ble noen kasteball for noen og ble aldri «knust», men tapte knepent når vi først gjorde det.

Mvh

Marius Varden Fossen, hovedtrener for IL Høyangs U20-lag

Steinar Eskeland, Hjelpetrener

Sven ove Råsberg. Oppmann



A-lag Dame -3 div i 2020

Starta treningen i Januar med 16 spillere,covid-19 kom i mars da var stopp,starta oppaatte i mai ,det begynnte spiller å falle av

Stoppa treningen i september,vi trakk damelaget i fra serien vist den startet,men det vist seg at den ikkje blei starta opp .

Hovedtrener :Thomas Frichsen

Hjelpetrener : Malin Fjæren



6.divisjon-Høyang 2

Dei starta treningen i januar,stoppa i mars og der etter trakk vi laget pga covid - 19

Trener Robert Aven

Oppmann Helge Øyehaug

Matrialforvalter Mathias Øyehaug



Marius Varden Fossen

**IL Høyang G 15/17, 2020-sesongen**

IL Høyangs gutelag har denne sesongen bestått av 03,04,05 kulla og nokre hospitantar frå 06 og 07 kulla. På sommar- og haustsesongen vart treningsgruppa supplert med spelarar frå A-laget under 20 år som skulle spele i U20-serien. Treningane før Covid-19 avbrekket var nokså greie, men da var fyrst når vi fekk trene som vanleg igjen med kontakt at vi byrja prosessen med å byggje eit slagkraftig lag med ein klar og tydeleg filosofi; vere eit spelande lag som kan styre dei fleste kampar og periodar med eige spel, men og vere pragmatiske og kunne tilpasse oss motstandaren frå kamp til kamp. På haustsesongen var vi som regel mellom 16 til 20 spelarar på trening.

Sesongen starta med ein solid bortekamp i Førde, der vi slo Førde 3, 0-5. Vidare strevde vi litt med å få fullført kampar med jamne og gode prestasjonar. I første heimekamp mot Sogndal 1 som skulle vise seg å vere eit lag vi skulle få veldig mykje med å gjere framover, så viste laget styrke og god moral. Etter å ligge under 0-2 til pause på grunn av to personlege feil, klarar vi å gå ut på bana igjen og snu kampen med massevis av energi og offervilje. Med fire minutt igjen på klokka og på stillinga 2-2 sender Knut industribygda til himmels og avgjer kampen. Fantastisk artig å vere med på!

Vidare i sesongen er vi varierande i prestasjonar som er naturleg tatt i betraktning den ambisiøse stilen vi som lag praktiserer. Likevel, plukkar vi godt med poeng og nektar å tape, noko som var felles både for gutelaget og U20 denne sesongen. Men alt godt har ei ending der vi gjekk på ein smell i nest siste puljerunde mot Sogndal 1. Nok ein gong vert vi straffa på personlege feil og har uflaks når dommaren dømmer straffe mot slutten på stillinga 2-2. Sogndølane vinn 3-2, men vi tek med oss at på ein svak dag hentar vi faktisk oppatt 2-0 til 2-2 når alle på Fosshaugane trudde vi var sjanselause. Før siste puljerunde var vi sikra avansement og med seier vant vi puljen vår og skulle møte Stryn i semifinale om krinsmeisterskapet.

Semifinalen gjekk på heimebane og var bra rigga til. Kampen hadde ein veldig god nerve og atmosfære der to jamne lag barka laus i første omgang. Til pause leia vi 3-1, men når laga kom ut igjen på matta vart det markert klasseforskjell. Vi drog i frå og vann kampen 6-3. Igjen skulle vi møte Sogndal over to kampar om KM-tittelen. Dette vart ein litt trasig oppleving med masse ulike faktorar som øydela for eit flott to-kampars oppgjer mellom to verdige motstandarar. Vi tapar heimekampen 0-4, men klarar å helde motet oppe og sikrar 2-2 i bortekampen, der vi slit med karantene og masse skadar.

I puljespelet tok vi 19 poeng med seks sigarar, ein uavgjort og eit tap. 39 scorte mål og 24 i mot. De to opplevingane som står seg ut i sesongen er 3-2 kampen heime mot Sogndal og semifinalen heime mot Stryn. Takk for følget!

*Med vennleg helsing*

*Marius Varden Fossen, hovudtrenar gutelaget 2020.*

Oppsummering av sesongen 2020 for jenter 15/17

Sesongen starta vi tidlig i januar med 2 treningar pr veke. Dette holdt vi på med til coronaen tvinga oss til å ta ein pause frå 12 mars til 17 mai.

Vi starta da opp igjen med treningar utan kontakt fram til sommerferien starta den 18 juni.

Høstsesongen fikk vi endelig lov til å spille kampar igjen. Vi vart sett opp med 2 andre lag – Askvoll/Holmedal og Stryn. Vi spilte 3 ganger mot begge laga – til saman 6 kampar – fordlet på 2 i Høyanger i august, 2 i Stryn i september og 2 i Askvoll i oktober. Statusen vart 1 seier, 2 uavgjort og 3 tap.

Vi har vert stabilt 10 på trening gjennom heile sesongen. Utover høsten fekk vi også med oss noen jenter frå 2003 – kullet som egentlig skulle spilt for damelaget, men de spilte jo ikkje, så de trente med oss en gang i veka, og vi hadde med oss 2 av de på kampane. Vi veksla på det, slik at de som ville og var ivrigast på trening spilte kampane.

Hovedtrener Kjell Erik Olsen

Oppmann Odd Ivar Klævold



## J 12 HØYANG SESONGEN 2020



Høyang har i år hatt eit lag i J12 klassen. Vi har hatt med jenter som er både overårige og underårige. Vi hadde ein runde før seriestart med eit forsøk på å få til eit J 13-14 lag i tillegg til J12. Det i samarbeid med Kjell Erik Olsen på J 15-17, men dette blei det ikkje noko av.

Vi har spelt 9ar når motstander har gått med på det, ellers har vi spelt 7ar.

Vi har trent 2 ganger i veka fra og med januar. Stopp i perioden vi ikkje fekk lov å trene pga korona.

Som sagt på trenarforum sist veke har eg køyrt ei tøffare linje iht speletid. Dei som har lite treningsoppmøte (ser da selvfølgelig vekk fra sjukdom/skade) har fått mindre speletid enn dei som er på alle treningane. Dette blei foreldre/spelarar orientert om før sesongen starta.

Nokon av dei som sjelden var på trening har gitt seg utover i sesongen.

Vi avslutta sesongen med denne alderssammensettingen :

2007 : 1 spelar

2008 : 6 spelarar

2009 : 2 spelarar

2010 : 1 spelar

I tillegg har vi lånt spelarar fra 2010 ved behov.

Vi har hatt eit godt samarbeid med to andre guttelag.

Ofte har vi trent i lag med G 11 (Vibeke Svedal). 2 av jentene har trent med G12 innimellom, i tillegg har dei vært med på enkelte kamper. G12 har av og til vore med på treningar med J12.

Ein treningskamp mot Balestrand fekk vi gjennomført før pandeminen slo innover oss.

Seriespelet har gått som planlagt i haust, der jentene har hatt stor framgang resultatmessig med seier i 6 av 8 kamper.

Treningsoppmøtet har vore veldig bra blant dei «faste».

Anita Sæle var oppmann for laget i vårsesongen, Marianne S. Tveit overtok i haustsesongen.

Leif Arne Tveit

Trenar J12 Høyang

# *Høyang G12 Sesongen 2020*

I år har Sindre, Bernard og Brage hatt gleda av å følgje Høyang sitt G12-lag gjennom koronaåret 2020. Vi starta opp i januar der vi ofte trente ilag med G11 og Vibeke. Treningane har vore gode og fartsfylte med mykje god stemning, og vi har også fått med to av J12-jentene på fleire treningar. På grunn av samkøyrde treningstider har vi også vore heldige og fått lov til å trene saman med J15/17 og Kjell Erik, noko vi håper både jentene og gutane har hatt god trening av med tanke på å spele mot og med andre spelarar enn det ein er vand til.

I høve til kampar har vi dessverre ikkje fått prøvd oss på 9ar-bane, men heller spelt 7ar heile vegen. Koronapandemien traff oss uheldigvis i vår og treningar og kampar vart sterkt påverka av dette. Kampane lot seg vente medan treningane vart starta med éin meters avstand og hyppig bruk av antibac. Vil rose gutane for å ta retningslinjene seriøst på trening, noko som gjorde det lettare for oss trenarar i ein uvanleg situasjon. Einaste kamptreninga vi fekk før sommaren var kampdagar i regi av klubben mot lag som G10, G11 og J12/13.

Seriespelet har gått som planlagt i haust, med 9 kampar (den eine mot Atløy vart avlyst grunna Covid-19). Det har ikkje alltid vore full uttelling poengsmessig, men kampane har vore gjennomført med eit fokus på samhold, godt humør og å la ballen gå. Fleire kampar har vore prega har fint spel, men litt lite marginar på vår side. Sesongens høgdepunkt kom med ein solid 7-4-seier mot Dale på Sletta. På kampane har vi også fått låne to av J12-jentene. På bortekampane har ikkje vi alltid hatt moglegheit til å vere med så vil rette ein takk til Erlend Skreien og Tore Ytredal som har tatt på seg trenarjobben ved behov.

Til slutt vil vi takke Liss Midtbø og Marita Tonning som begge har vore oppmenn denne sesongen, og hjelpt oss trenarane mykje heile vegen

Sindre Ulvestad

Trenar Høyang G12



G11 – 2020

2020 sesongen var ein kort sesong, men likevel vart det 8 kampar på gutane.
Til tross for tap i alle kampane var det godt humør og god innsats på kampar og trening.
Med 2 gutar frå G 10 var vi totalt 9 spelarar denne sesongen.
Gutane er ivrige og det blir spennande og følgje dei framover.

Vibeke Svedal
Trenar/lagleder



# Suenprisen 2020




*er tildelt*

## Jonathan Østerbø Breidvik

*Grunngjeving:*

Godt humør og god humor. Møter alltid opp og sørgjer for smil, humor og godt treningsmiljø

Vilje til å stå på og arbeide hardt over fleire år

Trent mange timar og gjennomført mange treningar

IL Høyang Fotball

Sign.

Sign.

IL Høyang stilte med desse laga i seriespel i sesongen 2020

Gutt 19

Trener: Marius Fossen

Hjelpetrener: Steinar Eskeland

Lagleder: Sven Ove Råsberg

Gutt 15/17

Trener: Marius Fossen

Hjelpetrener: Steinar Eskeland

Lagleder: Sven Ove Råsberg

Jente 15/17

Trener: Kjell Erik Olsen

Lagleder: Odd Ivar Klævold

Gutt 13/14

Trener: Anja Pettersen

Trener: Erlend Skreien

Lagleder: Rita Eldevik

Jente 12

Trener: Leif Arne Tveit

Lagleder: Marianne S.Tveit

Gutt 12

Trener: Sindre Ulvestad

Trener: Brage Bergset

Trener: Bernard Breidvik

Gutt 11

Trener: Vibeke svedal

Lagleder: Vibeke svedal

Gutte 10

Trener: Jonny manseth

Trener: Asbjørn Sagen

Lagleder: Siv Anita Gudvangen

Tusen takk for vel utført arbeid alle sammen!!

## Avslutning:

Vil til slutt nytte høvet til å takke alle trenarar ,leiarar,dommarar,støttespelarar og styremedlemmer i gruppa for god innsats i 2020.Håper at dei fleste går på eit nytt år.

Til dei som vil ha ein fortent pause frå fotballarbeid ,vil vi seie;

``Tusen takk for innsatsen ,velkommen tilbake ved eit seinare høve

Høyanger.28.02.21

Tore Ytredal

Leiar

Svein Ove Råsberg

Styremedlem

Trude Østerbø

Styremelem

Guro Sagen Knudsen

Styremedlem

Linn Jeanette

Styremedlem

Idar Henning Måren

Styremedlem

# ÅRSMELDING 2020, FRIIDRETTSGRUPPA, IL HØYANG

## Styremedlemer i friidrettsgruppa 2020:

Anne Sissel Nordeide, leiar/sekretær
Lidvar Berge, kasserar
Odd Arild Løseth
Synne Nessestrand Vefring

## Treningsaktivitetar

Friidrettsgruppa hadde basistrening fram til smitteverntiltaka i samband med koronaviruspandemien begynte i mars 2020.

Basistreningstilbodet har vore eit tilbod til ungdom og vaksne på kveldstid på måndagar og onsdagar. Erlend Skreien har vore hovudansvarleg for treningane i Høyangerhallen.

## Arrangement og møteaktivitet

Friidrettsgruppa har, på grunn av koronaviruspandemien, ikkje arrangert noko i 2020. Tiltaka rundt koronaviruspandemien har hindra mykje av den fysiske møteaktiviteten, men medlemane i friidrettsgruppa har hatt kontakt etter behov. Leiar i friidrettsgruppa har deltatt på møter i hovudstyret i idrettslaget.

## Utviklingsmål

Friidrettsgruppa har i tidlegare årsmeldingar hatt følgjande mål: «Friidrettsgruppa arbeider enno for å realisere oppgradering av det eksisterande friidrettsanlegget til eit fullverdig friidrettsanlegg på sentralidrettsanlegget i Høyanger. Det var gledeleg at Høyanger kommunestyre, i desember 2017, vedtok å framskunde løyving til forprosjekt for nytt kunststoffdekke på løpebana frå 2020 til 2018. Det skjedde ikkje noko i 2018, men ifølgje ordførar Petter Sortland er løyvingane enno aktuelle og friidrettsgruppa set sin lit til at desse midlane blir brukte i tråd med vedtaket av desember 2017 sjølv om dette skjer litt seinare enn venta. Styret i IL Høyang støttar enno friidrettsgruppa sitt ynske om å etablere eit fullverdig utandørs friidrettsanlegg i Høyanger».

Dette er aktuelt også i år. Å realisere eit slikt friidrettsanlegg er avgjerande for friidretten i Høyanger. Friidrettsgruppa ser det som positivt at IL Høyang støttar opp om friidrettsgruppa sitt mål og håper at det skjer ei positiv utvikling innan kort tid.

Høyanger, 04. mars 2021

Lidvar Berge, kasserar

Odd Arild Løseth

Synne Nessestrand Vefring

Anne Sissel Nordeide, leiar/sekretær

# Årsmelding for il Høyang Handballgruppa 2020.

## Styrets sammensetting.

**Leier: Vidar Fredriksen.**
**Sportslig leira:Vidar Fredriksen.**

**Sportslig Ansv. 6-12 år: Siv Ølmheim.**
**Kasserer: Silje Marie Litzheim Martinsen.**
**Dugnadsansvarlig : Rita Marie Nygård Eldevik.**
**Ansv. Mini: Marie Fredriksen Grønvold.**
**Web. Ansv: Phenprapha Fredriksen.**

Som alle andre idretter, har håndballen hatt et krevende år,som følge av korona pandemien. Alle lag har mistet mange kamper og kamphelger. Men vi har til tider vært heldige at våre aktive har fått trent, så lenge det har vært mulig.
Vi har da prioritert at spillere har fått trene godt, og at alle kamphelger som har vært både her i Høyanger og i andre kommuner, hår vært trygge rammer i forhold til de smitteregimer som har vært. Vi har hatt god dialog med hovedidrettslag og smittervernsledelsen, om det har vært spørsmål om sikkerhet rundt kamper både heime og borte i de aldersklassene vi har.
Det har til tider vært utfordrende, både med heime og bortekamper, da vi hele tiden må ta hensyn til antall spillere i hall,publikum og antall kamper som laga får spille, vi startet med to kamper pr. Lag, gikk seinere ned til en kamp pr lag på grunn av smittesituasjon. Dette gjelder da lag fra 6-12 år.
Etter nyttår har det knapt vårt kampaktivitet , men laga våres har fått trent godt så lenge vi har åpen hall.

Handballgruppa har denne sesongen hatt ca 80-90 aktive, i fra alder 6 til 18 år.
På grunn av at vi ikkje har lag i alle klasser har vi og dette året hatt spillere som har fått mulighet til å få spille håndball i naboklubber, der de har lag i disse årsklassene, dette gjelder både gutter og jenter.

Håndballen har en stor utfordring til neste sesong, det gjelder dommere.
Her må klubben jobbe godt, har prøvd å få eldre spillere til å ta kurs , men uten hell hittil.
Dette må på plass, får at en skal slippe unna kraftige bøter fra forbundet.

Vi har denne sesongen hatt disse lagene:
Mini 6-8 år. Gutter og jenter. 1 lag i hver årsklasse.
Gutter 9. 1 lag. Kortbane.
Jenter 9 . 1 lag. Kortbane.
Gutter 10. 1 lag. Kortbane.
Jenter 10. 3 lag. Kortbane
Jenter 11. 1 lag. Full bane
Gutter 11. 1 lag. Full bane.
Jenter 16. 1 lag.

**Handball i allidrett.**
Dette er jenter og gutter i aldersgruppene 6-8 år. Som i hovedsak blir trent av foreldre/forsatte eller familie tilknytning.
Dette er ei fin gruppe med flinke små. Aldersgruppene er fra 1. - 3. klasse. Dei stiller opp og er med på treninger, og dei stortrives der. Til tross for ein annleis sesong er ungane smilande blide, og treningane går som smurt.

**Jenter 9.**
Trener Vidar Fredriksen.
Ass Trener. Randi Sølvi Berge.

Jentene har vært et stabilt antall på ca 10 spillere vårt totalt 13-14 med noen som kommer og går.
Jentene har hatt en enorm utvikling denne sesongen. Vi begynte litt på nytt med dette laget, da vi såg at det manglet endel teknikk som skulle vært lært før. Jentene har vist god treningsiver,og virkelig vist seg frem i de få kampene de fikk denne sesongen.
Har begynt med litt basis dette året, da vi ser at dette er viktig da spesielt opp mot skade og nakkemuskulatur.
En fin sammensveiset gjeng, med noen få utskeielser innimellom.

**Gutter 9.**
Trener Miriam Skår.
Trener Ingvild Kvamme.

Guttene er ca 10-12 stk. Avhengig av oppmøte og tid.
Har tatt fine steg denne sesongen. Kan ved visse tilfeller være mye leven og bråk, Men er alt ialt en fin guttegjeng. På grunn av korona har det blitt lite kampaktivitet, dette ligger og selvfølgelig som en demper, når en ikkje får vist frem det en lærer på trening,

**Gutter 10/11.**
Trenere:
Elise Sandvik.
Marie Fredriksen Grønvold.

Dette er ein fin guttegjeng på ca. 12 stk som står på og er positive heile tida. Dei er komt langt, og er nå blitt gode og flinke gutter. Sjølvom sesongen i år har vært annleis pga. Covid, har guttane tatt det med eit smil.

**Jenter 10/11.**

Trener Siv Ølmheim.

Denne sesongen har me stilt med 3 j 10 lag og 1 j 11 lag. Dei er til sammen 20 jenter som trener 2 gonger i veka.

Godt oppmøte på treningane og jentene er veldig ivrige og lærevillige. Godt miljø i laget. Laget består av jenter fra både Høyanger, Kyrkjebø og Vadheim.

På grunn covid 19 har ikkje sesongen blitt slik som me hadde ønska oss. Lite kamper og få kamper når me først fekk reise å spele kamper.

Men barna med foreldre har vert svært positive, dei har køyrt og stillt opp på dei kampane som me har fått lov til å spille □

Kjekt å sjå at jentene kjem motiverte og glade på trening sjølvom det er blitt få kamper.

Fokuset på treningane har vert mykje på å få til høg arm, gode passinger og mottak, ulike finter, pådrag øvelser og samspill. Me har øvd på ving overganger, og back kryss for å få litt bevegelse i spillet. Dette er noko jentene synes er kjekt lære og dei begynner å få litt meir spille forståelse.

Mangen av jentene liker å stå i mål. Me har ingen faste målvakter, dei bytter på å stå i mål.

Neste sesong begynner dei med strek spelar, dette har me alt har begynnt å trene på.

Dei begynnte i år å spille på stor bane noko som dei meistra godt. Dei klaret seg svært godt i j 10 kamper og ingen problem at dei spelar ein års klasse opp.

Spesiell sesong med vasking, spriting, kohortar osv.

Men me har gjennomført alle treningar som me har fått lov til å ha. Jentene har vert flinke å innordna seg til alle nye reglar og me har gjort det beste ut av det.

Me er alle klare og ser fram til kommande sesong 

Me trener fram til sommarferien 

Mvh Trener Siv Ølmheim

**Jenter 16.**
Trener Patrick Fredriksen
Hjelpetrener Vidar Fredriksen.

Jenten har i år bestått av tre årsklasser. Vi mistet mange spillere fra forrige sesong, fra både det som var et 14 årslag og et 15årslag. Vi var da ca 9 spillere fra begge laga. Vi dispet ned to stk 03 jenter slik at vi fikk styrket stallen på grun n av litt langtidsskader, og noen spillere som går på skule andre steder. Serien ble desverre ødelagt av korona. Jentene fikk spilt 4 kamper av 14 før serien nå i februar gikk over til å bli aktivitetsserie. Håper at vi skal få spilt noen av kampene muligens i april om dette lar seg gjøre.
Jentene har trent godt, og har fin treningsvilje på feltet.
Tror nok desverre at dette blir siste sesongen, da flere sannsyligvis reiser vekk på skule. Men hvem vet, kan hende det kommer en overraskelse.

Vidar Fredriksen.

Siv Ølmheim.

Marie Fredriksen Grønvold.

Silje Marie Litzheim Martinsen.

Rita Marie Nygård Eldevik.

Phenprapha Fredriksen.



# ÅRSMELDING IL HØYANG INNEBANDY: 2020

Leder: Marius Lillehauge
Nestleiar: Tor Aleksander Dale
Kasserer/styremedlem: Lars Petter Sneve
Styremedlem: Katrine Tonning
Styremedlem: Tormod Rye
Styremedlem: Jarand Olsen

## STYREMØTER:

Vi har avholdt 4 styremøte, der vi har diskutert diverse ting, f.eks. korleis vi forsvarleg skal holde i gang idretten i covid-19 tidene, og korleis trenerstaben er sett opp osv.

## HOVUDMÅL I INNEBANDYGRUPPA:

Vi i innebandygruppa har hatt som hovudmål å få seriespel (evt. diverse turneringar) på både junior og senior nivå. I tillegg til det så fokuserer vi sterkt på å ha et tilbod til alle, sånn at rekrutteringa begynner tidlegare og dei tidleg blir engasjert i idretten så det blir lettare å holde dei i idretten i åra framover. Hovudfokuset i sjølve idretten er å tilby en idrett der ALLE kan delta, ikkje bare dei som nødvendigvis er best trent og flinkast generelt i idrett, men at det også kan være en idrett med rom for alle.

## KORT INFO OM SESONGEN SOM HAR VÆRT:

Årets sesong har vært en sesong utanom det vanlege. Covid- 19 satt en stopper for all treningsaktivitet i en god stund. Etterkvart som hallen opna opp for spill igjen, etter lang ventetid, så fekk vi i gang junior treningane. Senior treningane vart og forsøkt tatt opp igjen, men med <1 meter – regelen> var det umogleg å ha ordentleg kamptrening.
***Mykje godt arbeid gjort i smitteverntiltak og omstilling har gitt oss en oppstykka, men godt gjennomført treningssesong.***

*Grunna situasjonen, så har vi heller ikkje fått gjennomført sesong for verken junior eller seniorspelarar, så målet vårt har vært å forberede spelarar (Både junior og senior), på diverse øvelser og kamptrening, sånn at vi har lag å stille med når situasjonen tilseier at vi kan starte opp igjen sesong for fullt. Håper da også å få til diverse turneringar på junior nivå.*

## ALL-IDRETT 1-4 KLASSE: MINI-BANDY

Innebandy stiller med dedikerte trenera i samarbeid med Barneidretten gjennom tilbodet All-idrett. Stor pågang og etterspørsel etter aktiviteten og det er gode tilbakemeldingar frå foreldregruppa.

## JUNIOR TRENING 5-7 KLASSE: JUNIOR1.

På Junior treningane for 5 – 7 klasse har vi har slitt med lav eller ingen deltaking. Mykje av grunnen er at treningstidene kolliderer med andre aktivitetar for same alderstrinn anten i forkant eller i det same tidsrommet. Det blir for tøft for aldersgruppa med overlapp i treninga, og vi får fråfallet.
(dette er den einaste aldersgruppa der vi slit med oppmøtet, men vi har og nokon barn i den aldersgruppa som er faste meir eller mindre kvar torsdag).

## JUNIOR TRENING 8-10 KLASSE: JUNIOR2.

På Junior 8 – 10 klasse har vi ein solid gruppe som deltar på jamleg basis. Ein del av dei som deltar er barn som ikkje var med i fjor (eller tidlegare). Med andre ord så har rekrutteringsarbeidet fått inn en del nye medlemer. Samtidig så framstår innebandy som aukande i popularitet, og det virka som at bandy er omtalt både på skule og fritid. Det tekniske nivået har også heva seg ganske bra sidan oppstart.

***Covid-19 situasjonen har sjølvsagt vert den store utfordringa i år. Kansellering av seriespel og cupar, restriksjonar for trening og avlysing/nedstenging av treningstilbodet, har gjort at vi mista den gode flyten vi hadde på Junior før nedstengninga. I tillegg til at treningstidene for dei yngste juniorane bli for tett på andre idrettar i same kull, så barna blir tvungen til å velje vekk idrettar i staden for å kunne få eit breitt og variert tilbod.***

## SENIOR TRENING:

Grunna Covid-19, så har ikkje senior gjengen fått kamptrening. Men på dei få treningane vi har hatt, så har oppmøtet har vært ganske bra uansett.
Vart en del nedstengninga for senior, så vi bestemte oss for å fokusere meir på junior fram til nedstengninga vart oppheva.
Stor skryt ut til styret og andre trenere som stiller opp og hjelper til med både å være trenere på diverse treningar, samtidig som dei må holde styr på kven som deltar, og opprydding og vask etter trening.

## GENERELLE UTFORDRINGAR FOR INNEBANDYGRUPPA:

Utstyr:
Utstyret vårt er kostbart, består av fleire deler og skal settast opp / ryddast opp på ein bestemt måte. Det er enormt tidkrevjande for oss når vi må «rydde» etter andre før vi sjølv kommer oss i gang.
Vi ønsker en henvending dersom nokon ønsker å benytte seg av vårt utstyr slik at vi kan holde oversikten. Vi bidrar og gjerne dersom det er noko vi kan bistå med som t.d. vegleiing av oppsett/bruk til evt. dømming ved skulearrangement.

Treningstider:
Innebandygruppa vil påpeike viktigheita av eit variert bredde tilbod og at Idrettslaget på best mogleg måte legger til rette for å dele på barn/ungdom. Medlemsmassen til IL Høyang er ikkje større enn at alle gruppene trenger alle medlemmane og vi oppfordrar til å dele på barna framfor å måtte kjempe om dei.

## MÅL TIL NESTE SESONG:

- Fortsette treningstilbodet frå barneskule og oppover gjennom All-idrett og eigen aktivitet.
- Med dedikerte trenarar, fortsette med stabile og innhaldsrike treningar for barn/unge med fokus på lågterskel men og ferdighet og treningsglede.
- Bygge opp om- og motivere dei som ønsker trener-/dommarutdanning.
- Etablere/delta på serie/cup- system i regionen for Junior2 + Senior.
- Arrangere lokale turneringar for Mini-bandy + Junior1.

**Ser fram til ny sesong der forhåpentlegvis situasjonen blir sånn at vi kan få både senior og junior ordentlege i gang og klar for ny sesong.**

**LEIAR IL HØYANG INNEBANDY/ NESTLEIAR IL HØYANG INNEBANDY**
Marius Vikum Lillehauge/ Tor Aleksander H. Dale

Marius Lillehauge Tor Aleksander H. Dale

**SIGNATURAR TIL GRUPPEMEDLEMMER:**

Lars Petter Breive Jarand V. Olsen

Tormod Rye Katrin Taung

# IL HØYANG - KARATEKLUBB
# Årsmelding for 2020

**Styret for 2020 :**
Leiar og sekretær Heidi Andrea Kleiven
Kasserar Heidi Andrea Kleiven
Styremedlem og trenar Michael Brant
Styremedlem Jarle Berge
Styremedlem Kristina Solvorn
Styremedlem Tage Grønvold

**Saker:**
Styret har hatt to styremøte i 2020. I tillegg fleire korte møter etter trening der aktuelle saker vart tekne opp.
Saker som vart tekne opp:
Rekruttering av nye medlem, organisering av trening, marknadsføring, deltaking på stemne.

**Medlemstal:**
Ca. 30 medlem.

**Særforbund:**
Høyanger Karategruppe og medlem er innmeldt i Norges Kampsportforbund (NKF).
Klubbkontingenten skal dekke medlemskap i forbundet og forsikring.
Høyanger Karategruppe er også medlem i NIF og NKF's kampsportkrets/Hordaland Idrettskrets (Kampsport Vest), som også omfattar kampsportklubbar i Sogn og Fjordane.

**Gradering:**
Til sommaren og hausten 2020 var det gradering der stort sett alle som deltok fekk ny farge på belta sine. Klubben har 5 medlem med brunt belte og eitt medlem med svart belte.
Hovudtrenaren har 1. Dan (svart belte).

**Aktivitet:**

- Medlemstalet blant dei vaksne har stagnert. Oppslutnaden frå dei yngste er større.
- Michael er hovudtrenar og dei vaksne fungerer som hjelpetrenarar eller reservetrenarar.
- Høyanger Karateklubb har fått fleire invitasjonar til deltaking både på junior og senior kampar frå ulike kamparrangørar i Noreg.
- I 2019 har Høyanger Karateklubb kunne hente ein del gode plasseringar i konkurransar i Stavanger og i Bergen. Det er vi veldig stolt av.

**Deltaking i hovudstyret i IL Høyanger:**
Karategruppa har vore representert i styret med leiar/sekretær i karategruppa Heidi Andrea Poersch Kleiven.

Høyanger Karategruppe takkar alle medlem og samarbeidspartnarar for eit godt år, tross pandemien. Vi ser fram til å kunne halde fram òg i framtida.

Nessane, 27.02.2021



Dette bildet av Ukjent forfatter er lisensiert under CC BY-NC

Heidi Andrea Poersch Kleiven
Leiar

Heidi Kleiven

# Årsberetning

# IL Høyang Klatregruppe

# 2020

## Styrets samansetning

Leder: Robert Breidvik
Nestleiar: Ole Johan Torsnes
Kasserer: Sandra H Kalstad
Styremedlemmer:
Arvid Lønne
Sjur Håvard Øygaard
Anders Moritsgård
Revisor: Marianne Taule

## Styrets arbeid

**Styremøter**
Det er helde 4 styremøte og 18 saker er behandla.

**Spesielle oppgåver**
Styre har hatt fokus på desse sakene i 2020

- Opning av lokalet etter renovering bygg
- Rekruttering
- Midlar til utstyr
- Ny vegg

**Opning av lokalet:**
Arbeidet med å få opna det nye lokalet har vært styret sin største sak i 2020. Lokalet har blitt heilt supert etter oppussinga og kjempe positivt for trivselen i bygget. Klatregruppa skulle etter planen ha offisiell opning av lokalet mars 2020 men pga. Korona måtte vi utsette opninga til november 2020.

**Rekruttering**

Det var med stor glede for klubben og sjå kor stor pågangen var, i løpet av to mnd. hadde vi over 600 besøkande og lange ventelister. Aktiviteten vår er ettertrakta og vi ser behovet for større areal.

**Midlar til utstyr**
Klubben fekk innvilga følgande søknader:
- Midlar til klatresko for utlån Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane samt hovudlaget
- Midlar til duk madrassar hovudlaget
- Midlar til klatregrep Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Ny vegg
Klatregruppa merka tidleg behovet for utviding og ny vegg. Allereie i nov 2019 var klubben i kontakt med kommunen, der vi lufta moglegheit for å kunne disponere meir areal på kaien. Planer med ny vegg har vi jobba litt med sidan den gong. Ein ny vegg og meir areal er viktig for videre drift av klubben, noko som vil føre til lågare terskel og forenkle inngang til å starte med klatring. Målet er å fremme betre meistring og glede for alle, men spesielt for barn og ungdom. Ein viktig del av en utviding er en vegg der vi kan nytte tau, noko som kan opne opp for paraklatring. Klatregruppa kan da også holde brattkortkurs for å ivareta sikkerheit for sine medlemmer ved å formidle kunnskap om sikkerheit ved bruk av tau og sikkeringsutstyr.
Vi er særs nøgde med dei nyoppussa lokala våre noko besøkande også tykkjer. Men pga brattheita som er i klatreveggen er det store deler av veggen som blir for utfordrande for dei fleste. Derfor ser vi eit behov for klatrevegger med vertikal profil som vil bidra til større aktivitet, variasjon, meistringsfølelse samt unngå fråfall. I planane for ny brannstasjon har vi sett på moglegheita for å nytte 2.etasje i denne for å lage et klatreområde med vertikale vegger, barne avdeling, samt ein mindre tauvegg med autobelay og taurute.

**Aktivitet**
1.-4.kl. veldig bra oppmøte
5.-7.kl. bra oppmøte
8.-9.kl. bra oppmøte
10.kl-vgs. Litt mindre oppmøte (betre publisering vgs)
Familieklatring veldig bra oppmøte
3 innføringskurs i buldring vart gjennomført nov/des.

**Vurdering av aktivitet i forhold til mål**
På grunn av korona fekk vi ha opent i november og desember. Kapasiteten var sprengt i denne tiden, og aktiviteten var svært god i denne korte perioden. God oppslutnad på innføringskursa.

**Økonomi**
Gruppas økonomi i 2020 var god med tanke på manglande inntekt pga korona stenging. Gruppa fekk en del bidrag frå hovudlaget, samt tilskot frå Sparebankstiftinga Sogn og fjordane og Hydro Aluminium. Gruppa fekk også tilskot frå lokale korona midlar frå Høyanger kommune og Hydro Aluminium.

**Medlemstal for 2020.**
Ca 17 medlemmer

**Målsetting for 2021**

- Arbeide vidare med planar om ny vegg
- Trenarutdanning
- Oppretthalde eit attraktivt tilbod
- Rekruttering
- Klatregruppa har godt etablerte utandørs klatrefelt. Myggveggen og Avsnes er spesielt godt besøkt. Gruppa må vurdere behovet for rebolting av dei andre felta som Guddalen, Tveita og saueskolten.
- Etablere heimeside
- Oppdatere førare over utandørs felt.

Leiar, IL Høyang - Klatregruppe
Robert Breidvik

Signaturar:

Sandra Kalstad

Arvid Lønne

Digitalt signert av Arvid Lønne
Dato: 2021.03.03 21:18:48 +01'00'

Anders Moritsgård

# IL-Høyang turngruppa årsmelding 2020

Styret: Leiar: Elisabeth Sæbø, på val.

Nestleiar: Frank Solvorn

Kasserar: Kari Anne Aaland, på val.

Styremedlem: Vibeke Svedal, på val.

Styremedlem, webansvarlig: Marita Tonning

Sekretær: Toril Sværen

Aktivitetar:

2020 tok til som vanleg med aerobic, turndans og turn/tumbling. I mars vart all aktivitet sett på vent pga. korona. Kom ikkje i gang att før 21. oktober. I slutten av november vart det avlyst att, men i desember opna det opp att.

Turnstemnet som skulle ha vore i Stryn vart avlyst, og framsyninga i Høyanger vart og avlyst pga. korona.

Aktivitetar:

Aerobic: 1 gang i veka. Trenar: Stine Bauman.

Turndans: Trenar: Vår: Kristin Sande og Vibeke Svedal.

Haust: Isabella Fjetland. 1.-2. klasse. Ca 17 stk.

